

Helgedagen

KYRKJELYDSBLAD FOR TIME

NR. 2 - APRIL 2013 45. ÅRG.



Kva betyr påske for deg?
Side 4



Frelsesarmeen 125 år i Norge
Side 6



Unge fiolinistar
Side 9



Sangglede
Side 10

Bryne - Time - Undheim sokn

Kyrkjekontoret	tlf. 51 77 03 77
Kontortider: Måndag-Fredag: 09:00 -14:00	
Kyrkjekontoret: Erlandsbakken 6, 4349 Bryne	
heimeside: http://www.time-kyrkja.no	
e-post adresse: kyrkjekontoret@time-kyrkja.no	
telefaks	tlf. 51 77 03 60
Prost: Kjell Børge Tjemsland	tlf. 416 38 048
Sokneprest: Stein Ødegård	tlf. 911 57 105
Sokneprest: Gunnar Frøyland	tlf. 958 73 847
Kateket: Ingfrid Time Nærland	tlf. 970 99 661
Diakon: Torild Egeland Reime	tlf. 911 81 696
Sekretær Bryne sokneråd:	
Elisabeth Obrestad	tlf. 51 77 03 64
Sekretær Time sokneråd:	
Elisabeth Obrestad	tlf. 51 77 03 64
Sekretær Undheim sokneråd:	
Hanne Brit Sandsmark	tlf. 996 26 157
Sekretær: Kari W. Ødegaard	tlf. 51 77 03 77
Sekretær: Siri Vik	tlf. 51 77 03 76
Kyrkjevevjerje: Olav Vegard Søyland	tlf. 51 77 03 69
Konsulent: Tor Aase	tlf. 51 77 03 63
Prosjektleiar trusoppføring:	
Jorunn M. Ueland	tlf. 975 07 517

Time

Organist: Oddny Underhaug	tlf. 900 11 178
Kyrkjetenar: Alf Einar Weseth	tlf. 996 19 121
Soknerådsleiar: Karin Lima Friestad	tlf. 476 23 950
Klokkar: Sofie Braut	tlf. 986 55 128
Time kyrkjegard	tlf. 51 48 32 84

Bryne

Kyrkjetenar: Alf Einar Weseth	tlf. 996 19 121
Organist: Per Olav Egeland	tlf. 900 18 708
Klokkar: Leif Andenes	tlf. 909 93 176
Soknerådsleiar: Ruth Stabel Berg	tlf. 938 31 623
Barne- og ungdomsarbeidar:	
Jorunn Pettersen	tlf. 51 77 03 72
Kyrkjelyduttviklar: Bjørn Inge Hauge	tlf. 51 77 03 77
Ungdomspastor: Johannes Kleppe	tlf. 95 14 26 02

Lye forsamlingshus

Heimeside http://www.lyeforsamlingshus.no	
Ungdomsprest: Ole Tørring	tlf. 951 78 971
Leiar forsamlingsstyret: Arne Heggheim	tlf. 900 34 326
Administrator Lye: Sigurd Idland	tlf. 466 98 050

Undheim

Sokneprest: Per Børge Hillestad	tlf. 934 42 919
Kyrkjetenar: Hans Undheim	tlf. 900 37 560
Soknerådsleiar:	
Kåre Sigurd Undheim	tlf. 51 48 43 07
Undheim kapell	tlf. 51 48 68 20

Besøk vår nettside:

www.time-kyrkja.no

E-post sokneråda:

Time sokneråd: time@soknerad.no

Bryne sokneråd: bryne@soknerad.no

Undheim sokneråd: undheim@soknerad.no

Foto framside: Jærgard - Njærheim av Knut Aalgaard

Helgedagen

Utgitt av Time kyrkjelege fellesråd.

Redaksjon: Else-Marie Bue, Liv Helene Øyre Håland, Oddny Underhaug, Ragnar Time, Gunnar Frøyland, Arnfinn Vigrestad, Gabriel Tengsareid og Knut Aalgaard. Layout: Gabriel Tengsareid og Knut Aalgaard.

Trykk: Jærprint. Frivillig kontingent til Time kyrkjelege fellesråd, kontonummer 3212 20 24589. Merk innbetalinga med Helgedagen.

Stoff kan sendast til Kyrkjekontoret eller med e-post til helgedagen@lyse.net og må vera oss i hende innan 23. mai.

Ver vennleg å senda stoff til Helgedagen innan fristen. Neste nr. kjem ut ca. 12. juni 2013.

Til ettertanke



Kjell Børge Tjemsland

Nattverdglede er påskeglede

" Dette er Jesu lekam". " Dette er Jesu blod". Det var sterkt å nyleg setje seg ned blant oliventre i Getsemanehagen og feira nattverd. Der i området hadde Jesus vore i fortvilning og kamp. Sveitten rann som blod. Det var påske, og Jesus hadde nett feira nattverden saman med disiplane sine. Og dei vart oppmoda til å fortsetje å feire nattverden når dei kom saman: "...kvar gong de drikk av han, så gjer det til minne om meg".

Det er flott å feire nattverd! Me har lett for å tenkje nattverden utelukkande som ein stad for bot og vedkjening av synder. Nattverden er det, men han er like mykje eit festmåltid! I måltidet møter Jesus oss som den oppstadne, han som går saman med oss og gir ny kraft og nytt mot. Mot til å gå ut i kvardagen og med frimod leve vårt eige liv og livet saman med andre. Også livet som disiplar av Jesus. Bruk nattverden!

Når du vedkjenner Jesus som Frelsar, då skal du frimodig ta imot nattverden. For Jesus sjølv oppmoder deg og meg til å bruke nattverden ofte. Og då bør verken du eller eg diskvalifisere oss sjølve for å ta imot han. La heller ikkje andre få gjere det for oss. Når både tvilaren Tomas og svikaren Judas fekk ta del i nattverdmåltidet saman med Jesus, då skal også me ha frimod til sjølv å vere med i måltidet og møtet med Jesus, i det me får høyre orda til oss: " Dette er min lekam, gjeven for deg. Dette er mitt blod, utrent for deg".

Bruk nattverden sjølve, ta andre med, og lær også barna og barnebarna å bruke nattverden. Arbeid på å få nattverdglede! La festmåltidet få vere mat for ditt åndelege liv saman med lesinga av Guds ord og bønna i Jesu namn. Nattverdglede er påskeglede, fordi då feirer me og gler oss over Jesu forsoningsdød og oppstode. Og denne gleda ber vi med oss uavhengig av årstid. Det er nemleg nattverds- og påskeglede året rundt! Og idet me har motteke nattverden, lyder orda kvar gong til oss: "Fred vere med dykk" - Jesu eiga helsing til oss.....

Velsigna påske! Sørg for at du får del i nattverdgleda ved å jamleg ta del i nattverdmåltidet. Herren Jesus ventar på å få møte oss der.

Påskeandakt til kyrkjelydsbladene i Jæren prosti
Kjell Børge Tjemsland

Min Salme



Åse Helgeland

No stig vår song, vår takk til Gud

*No stig vår song, vår takk til Gud
for denne gode verd,
for havets salt, for regn og sol
og himlens stjernebær.
Vi takkar deg for storm og frost,
og snø som fell så stilt mot jord.
Vi takkar for den mørke natt,
og vårens tid, for alt som gror.*

*No stig vår song, vår takk til Gud
for nådens korte tid.
Da skapte du vår vakne sjel
som lid når andre lid!
Ditt tålmod lindrar gamle sår,
men dagleg blir din skapning krenkt.
La rettferd fylle tusen år!
Trøyst våre barn, møt deira lengt!*

*No stig vår song, vår takk til Gud,
for denne heim, vår jord,
for barnesmil og voggesong og heite kjærleikssord!
Vi takkar for kvar nyfødt dag
da våre sansar opnar seg,
for tankens glans, for hjerteslag
og alle under på vår veg.*

*No stig vår song, vår takk til Gud
for Han, som er vår fred.
Når Kristus sprenger dødens rom,
fell siste stengsel ned.
Da stig vår song, vår takk til Gud
for spor på strand, for bølgers slag:
Kom natt, kom søvn kom morgongry
kom evig sommars lyse dag.*

Tekst :Edvard Hoem
Melodi:Håkon Berge

Edvars Hoem skreiv salma "No stig vår song, vår takk til Gud" til kong Harald sin70 års dag. Kronprinsesse Mette Marit har den med på si salme-CD "Sorgen og gleden".

Denne har ein flott tekst og ein nydeleg melodi av Håkon Berge, som er ein kjend komponist frå Stavanger. Det er "Det norske jentekor" som syng her, eit av dei beste barnekora i Noreg. Første gong eg høyrde denne vart ei fantastisk oppleving. Det fins ikkje noko så fint som klokkeklare barnestemmer.

Song og musikk har alltid vore ein stor del av livet mitt, og eg tenker med glede på alle gilde opplevingar eg har hatt som korsongar, pianist og ikkje minst all song og musikk me hadde på Vestly skule. No er eg pensjonist og har god tid til å tenke attende . Eg er så heldig at eg er frisk og har det godt på alle vis , så då er det naturleg at eg har mykje å takke for. Difor har denne salma vorte mi salme.

Kvart vers begynner med "No stig vår song, vår takk til Gud". Så kjem alt me kan takke for, og det er ganske mykje . Me har hatt flotte vinterdagar no i februar, og salma seier "Vi takkar deg for storm og frost, og snø som fell så stilt mot jord". Me som er så heldige at me har barnebarn, har nok mange gonger sagt som salma "vår takk til Gud for denne heim, vår jord, for barnesmil og voggesong og heite kjærleikssord". Det er jo kjekt når du får ein kjempegod klem av barnebarna og du får høyre "Eg er så glad i deg".

Nå går det mot påskehøgtid. I siste verset står det "Når Kristus sprenger dødens rom, fell siste stengsel ned". I denne setningen ligg heile påskebodskapen. Så kan me ta ein tur til sjøen og seie med Hoem "vår takk til Gud for spor på strand for bølgeslag: Kom natt, kom søvn, kom morgongry, kom evig sommars lyse dag." Ha ei fin påskehøgtid.

Åse Helgeland

Vil du gi en gave til Normisjon?



Kontonr: 1503.02.13537

Husk å øremerke gaven hvis du vil den skal gå til noe spesielt.

www.normisjon.no



Gi til NMS – få skattefradrag!



Det Norske Misjonsselskap

BRBYGGER I ORD OG HANDLING

Konto: 8220 02 85030 • Tlf: 51 51 61 00 • www.nms.no

Kva betyr påske for deg?



Trond Lye

Trond Lye svara slik:

- Dei sju siste åra har det vore synleg for alle at Gud har vore med meg i mitt "nye liv" etter hjerne-stamme-infarkt. For sju år sidan var det klar beskjed om at eg bare skulle dø. Livet har forandra seg etter den tid. Påskebodskapen har blitt endå større for meg enn han var før. Det er ekstra stort for meg med påske. Jul og Jesu fødsel er stort, men påske overgår alt. Jesus

måtte bøta med livet for at me skulle få eit evig liv. Det store er at Jesus sigra over døden. Så når det er slutt for meg på denne jorda, ser eg for meg at Jesus står klar med opne armar og ynskjer meg velkommen heim.

emb

Kva betyr påske for deg?



Oddbjørn Tunheim

MED MORT TIL KYRKJA I PÅSKA

Den pensjonerte bonden Oddbjørn Tunheim minnest påsken som ei travel tid. Han har nå overete garden til sonen, men han er ennå yrkesaktiv med oppdrag på Øksnevad vidaregåande skule. Planane for årets påske er ikkje klare.

tok mor meg med til kyrkja. Eg minnest ennå presten sin tale ei påske. Det var kraftig kost. Og det sette i gang tankar som eg har bore med meg i livet. Og det har bidratt til at eg har utvikla eit kristent livssyn.

RT

Han har sterke minne frå då han vart kjend med påskebodskapen. – I påska



Kristi Haavardsholm
- går i 10.klasse

Kristi kjem frå Timebygda. Her er det spanande ting som skjer rundt påsketider. Lemming på garden! Men påske er også ei god tid for å slappa av, gjera ting saman med familien og reisa på besøk til venner.

Kristi var med på Påskennatt i Time kyrkje i fjor. Ho syns det var veldig kjekt. Dit har ho tenkt seg i år òg. "Det kan vera det blir ein påsketradisjon", seier ho. Når påskennattsgudstenesta i kyrkja er slutt, går alle ut med kvart sitt tente lys. Flokken vert ståande i ein stor ring ute på kyrkjegarden og syn-

gja: "Deg være ære, Herre over dødens makt". Denne songen har Kristi kunna heilt frå ho var lita. Likeeins nemner ho "På Golgata stod det et kors" som påskesongen ho har sunge heilt frå barneåra.

Her er Kristi sitt svar på spørsmålet: Kva betyr påske for deg ?

"Det at Jesus døde og stod opp igjen for syndene mine, tykkjer eg er det beste. Det er jo difor me feirar påske"

OU

Påskekommentar frå Israelstur



Andreas Søyland

Andreas Søyland var ein av del-takarane på ungKyrkja sin tur til Israel hausten 2012. Her deler han med oss nokre påsketankar frå sitt møte med den heilage staden:

oppstandelse då me var der det skjedde. Etterpå feira me nattverd saman slik Jesus bad oss om. Dette gjorde at påskebodskapen kom svært nær."

Johannes Kleppe

"Då me besøkte gravhagen i Jerusalem den siste dagen, fekk me sjå ei tom grav. "Han er ikkje her, han er oppstanden." Det var spesielt å få høyra historia om Jesu død og



Ella Bjelland

- Stakkars, arme Peter!

Desse orda frå læraren på barneskulen på Hognestad sit godt i minnet til Ella Bjelland. Det han sa om læresveinen Peter som sveik Jesus, gjorde inntrykk! Ho hugsar og at dei lærte Blix-salmen: Ljos over grav som oss livsvoni gav, rann med Guds Son ifrå daude. Solrenning klår som den venaste vår steig over gravstader aude. Ljoset og livet for alle mann strålende opp med vår Frelsar rann.

Ella er oppvaksen på Fosse, og i den tida gjekk dei til fots til Timekyrkja. Første påskedag var dei alltid i kyrkja. Langfredag var det samling på bedehuset på Fotland, og då var det tradisjon å syngja:

Hin time i Getsemane jeg aldri glemme kan, da jeg i angst og blodig sved fikk se deg, Gud og mann. Jeg glemmer ei, jeg glemmer ei, jeg glemmer ei din ve da jeg deg så i angst på kne hist i Getsemane. (E. P. Hammond)

På spørsmål om kva påskesalme ho likar godt i dag, er svaret raskt:

*Jesus lever, graven brast!
Han stod opp med guddomsvelde.
Trøsten står som klippen fast:
at hans død og blod skal gjelde.
Lynet blinker, jorden bever,
graven brast, og Jesus lever!*
(Johan Nordahl Brun)

Tekst og foto: LHH

Brit Ege Aarsland vart utfordra av Helgedagen og ho svara slik:


- Me skal vera heime i påsken. Eg har eit ønske om å få med meg nattgudstjenesten på påskeafta i Time kyrkja. Der var me ifjor og det var flott.

- Jesus har tatt all mi synd på korset. Han døydde og stod opp igjen og er med meg kvar dag.

AV



Brit Ege Aarsland



Påskemotiv tegnet av Kristoffer Vassbø, 10 år, Lye

Med kjærleik som våpen



Frelsesarmeen er kjend for glad song



I år det 125 år sidan Frelsesarmeen starta opp i Norge. Korpset på Bryne vart skipa 20 år etterpå og er høgst oppegående

I januar 1888 kom nokre pionerar til Oslo for å etablere Frelsesarmeen i det norske samfunnet. Blant eldsjelene var Ludvig Dybing, (1853-1945) ein sjømann oppvaksen på Nord-Jæren. I Australia kom han i kontakt med "The Salvation Army" og vart seinare frelsoffiser i England. (kjelde: Wikipedia).

Dei uniformskledde idealistane som "tende elden" i Norge vart møtte med både begeistring og motbør. Med kjærleik som våpen tok dei fatt på ei enorm utfordring: Å byggja tru og haldningar. I samsvar med William Booth sine visjonar tok dei folk sin livssituasjon på alvor. – Du kan ikkje forkynna evangeliet til ein mage som skrik etter mat, er eit kjent uttrykk frå han. I løpet av to år vart det opna meir enn 20 korps i norske byar.

Til Bryne i 1908

På Bryne har det vore korps sidan oktober 1908. To kvinnelege frelsoffiserar, Louise Samuelsen og Hanna Gundersen gjekk i bresjen her. Kvinneleg leiarskap var ganske oppsiktsvekkjande i samtida, fleire år før kvinner fekk stemmerett. Ein av dei første medlemmene på Bryne var forresten forfattern Torvald Thu som var aktivt med i nokre år. Det er kanskje ikkje så kjent at han har skrivne fleire salmar.

I 1914 fekk Frelsesarmeen eige bygg i Meierigata. Bortsett frå i krigsåra, då tyskarane tvang til seg bygningen, var dette armeen sin samlingsplass i generasjonar. Lokalet vart modernisert fleire gonger, men etter kvart melde det seg behov for meir plass. Bygget i Vardheia vart tatt i bruk i 1994. Anno 2013 er det god aktivitet i korpset.



Arvid Salte har vore 50 år i Frelsesarmeen på Bryne

50 år som soldat på Bryne

Helgedagen møtte Arvid Salte ein fredag framfor Bryne

Torg. Han jubilerer i år med 50 år som frelsoffiser på Bryne og dessutan med 25 års teneste for Fretex. – Eg ser tilbake på tida i Frelsesarmeen med glede, fortel Arvid. – Dette har vore mitt liv, og det har vore stort å stå i denne tenesta. Arvid er ein allsidig soldat. Han er nå krumtapp i "felles-musikken" til korpset. – Evangelisering med song og musikk er eit kjenneteikn på Frelsesarmeen. Slik er det og for oss på Bryne, seier han. Samtidig viser han til at det sosiale arbeidet går parallelt. – Til dømes er Cafe William etablert for å strekkja ut ei hand til dei som har det vanskeleg.

Gladare kristendom og varmare samfunn

Heilt frå den første tida i Norge har Frelsesarmeen vore kjend for å formidla trua på Jesus og samstundes leva etter kristendommen sin grunntanke om nestekjærleik. Dei såg sosiale utfordringar og sette inn tiltak lenge før velferdsstaten kom på banen. Dei var til dømes tidleg ute med hjelp til einslege mødre, gamle og arbeidslause. I Frelsesarmeen har dei vore særleg flinke til å gå ut "dit folk er". Mange har i ulike samanhengar opplevd og sett pris på gladsongen deira. Dei siste åra har til dømes Frelsesarmeen vore hovudattraksjon på ein julekonsert på Thime Station. Då er det alltid stappfullt og ein heilt spesiell stemning der pub-gjestane syng for full hals.

Frelsesarmeen er blitt ein viktig del av kristenlivet i Norge. Ingen kan vera usamd i påstanden om at armeen i desse 125 åra har gjort kristen-Norge gladare og samfunnet varmare.

Tekst og foto: RT

Frelsesarmeens korps i Son i Akershus. Dette er foto av eit kjent maleri frå 1895 av den norske kunstnaren Wilhelm Peters



Mange blir metta med eit godt måltid mat på Kafe William som Frelsesarmeen driv på Bryne. Her er gjengen med frivillige hjelparar då Helgedagen nyleg var innom. Frå venstre: Asta Auestad, Dagfrid Steinsland, Solveig Schøld Varland, Aud Irene Gjersvik, Beritt-Anne Aldeholm og Tor Olsen.

Suppe, såpe og frelse

Frelsesarmeen er ei internasjonal evangelisk rørsle, ein del av den universelle kyrkja. Tenesta er motivert av kjærleiken til Gud og oppgåva er å forkynna Jesu evangelium og i hans namn møta menneskelege behov.

"Suppe, såpe og frelse" er uttrykk for Armeen sine verdjar. Å tilby suppe er å møta grunnleggjande behov. Såpe handlar om verdigheit og sjølvkjensle. Frelse gjer uttrykk for Guds grenselause og livsendrande kjærleik gjennom Jesus Kristus.

Frelsesarmeen vart skipa av William Booth i 1865 og er nå representert i 126 land. Målet, oppdraget og budskapet er den same i dag. Sidan 2011 har general Linda Bond vore toppleiar på verdsbasis. Ho kjem til jubileumskongressen 28.-30. juni i Oslo/Kjeller. (Kjelde: Krigsropet)

Prosti-tur til smilets land



Konklusjonen var klar: Det var kjekt å reise saman med folk frå dei forskjellige sokna i Jæren prosti. Dette må vi gjere om igjen!

Foto: Kjell Børge Tjemsland



Gatemiljø fra fargeglade Thailand

"Bua over Kwai" er ein del av dødens jernbane. Her er Trond og Astrid Grødem og Liv Torunn og Stein Ødegård



Foto: Anne Moi

Egil S. Eide, den eminente reiseleiaren, guiden og føredragshaldaren, tok oss, 41 representantar frå mange av kyrkjelydane i prostiet, med på ei ugløymeleg reise til Thailand 27.10 - 10.11.2012.

Thailand er det landet Eide har reist til og lagt sin elsk på gjennom 25 år. Og kjærleiken til land og folk var smittsam for oss som var med. Gjennom dei mange glimta og kunnskapen han formidla, blei begeistringa for folk og land vår eigen.

Me blei kjende med landet si historie, folk, daglegliv og kultur, kongefamilie og religion. Også om kristendomens historie og norsk misjon (NMS) sin innsats for å gje folket Jesus. Det vart møte med barn og unge i Immanuelkyrkja i Bangkok. Det vart også eit møte med mange andre menneske, vakker natur, eit yrande liv, marknader, by og landsbygd. Bangkok, Changrai, Changmai, Det gylne triangel, visitt til Laos, båttur på Mekongelva, togtur med jernbanen knytt til "Bua over Kwai", og mykje meir. I det heile, eit mangfald av inntrykk og ny viktig kunnskap om eit anna folk som er viktig for å kunne forstå oss sjølve også og vår eigen kultur.

Men turen var meint til noko meir enn bare desse opplevingane av eit anna land. Det handla også om å møte kvarandre på tvers av kyrkjelydar og soknegrenser. Inspirere kvarandre, glede kvarandre, oppleve noko saman, dele Guds ord saman gjennom daglege andaktar, drøse og dele erfaringar frå eige liv og eigen kyrkjelyd, etc. Dette vart det mykje høve til under bussturar, fritid og glade måltid med aldeles nydeleg thaimat. Og i tillegg var me heldige som fekk bu godt for ein billig penge. "Oppgradering" var stadig eit ord som høyrdest mellom oss.

Som ein kvar tur-stil skriven på barneskulen enda: Me var alle einige om at me hadde hatt ein fin tur!

Kjell Børge Tjemsland

Immanuelkyrkja i Bangkok



Solveig Meling Johannessen driv musikkskule i kyrkja

Foto: Brit Obrestad

Inger Kristine Løge, tidlegare adresse Bryne, men nå Vigrestad, var med på Thailand turen. Her deler ho med oss eit av høgdepunkta på reisa:

Ei av hovudopplevingane på turen vart besøket vi hadde til Immanuelkyrkja, Bangkok. Kyrkja i Thailand og Det Norske Misjonsselskap driv arbeidet i denne kyrkja, og misjonæranne Solveig Meling Johannessen og Dag Johannessen er ein del av dette viktige arbeidet.

Organisten med musikkskule i slummen

Først besøkte vi barnehagen som er for barn frå slumområda. Der fekk vi vera med på morgonsamling med flaggheising der barna song. Så mykje vakkert i enkle kår. Etterpå gjekk vi ned i kyrkja og møtte den lokale presten og misjonær Solveig Meling Johannesen. Ho driv musikkskule i kyrkja med opplæring i fiolinspel for barn frå slumområda. Om lag 70 elevar i ulike aldrar er så heldige å få vera med i denne opplæringa. Å kunna spela fiolin har høg status i den thailandske kulturen. Spesielt for oss vart det arrangert fiolinkonsert med nokre av førskulebarna med sine små fiolar. I tillegg fekk vi lytta til song og fiolinspel av ein ung mann som hadde starta si musikkopplæring i denne musikkskulen. No tek han musikkutdanning ved universitetet.

Det heile vart ei sterk og ugløymeleg oppleving, og ei påminning om å hugsa på både dei barna som får koma til denne kyrkja og personalet som driv dette viktige arbeidet.

Inger Kristine Løge

Misjonsprest Dag Johannessen er frå Bryne, og kona, organist Solveig Meling Johannessen, er frå er Stavanger. I Bryne kyrkje vert dei tekne med i forbøna. Derfor var det ekstra gildt å få dette glimtet frå arbeidet deira.

Foto: Paitoon



Glad gospelsang på Lye



Det lyser innsats og sangglede av de unge gospelsangerne

Det lyser sangglede av barneflokk
ken på Lye forsamlingshus. Unge
struper fyller lokalene med frisk
gospel. I løpet av noen uker har
tallet på medlemmer i Lye Barne-
gospel nesten doblet seg.

Etter hvert som barnetallet har gått ned på Lyefjell, har også medlemstallet falt. Men nå opplever koret en ny vår. Lye Barnegospel har røtter helt tilbake til 1980-tallet. Langt over 20 barn har funnet veien til øvelsen som Helgedagen fikk være med på nylig i Lye forsamlingshus. Noen har bare vært med noen uker. Andre har flere år bak seg i det veletablerte barnekoret.

Lyden fra koret

Oda Haugen Solbakk, Lotte Sørli og Elise Friestad er nesten for veteraner å regne med lang fartstid i Lye Barnegospel. Oda går i andre, mens Lotte og Elise går i tredje klasse.

-Er det kjedelig å være med i koret, ville vi vite?

Og svaret fra de tre jentene kommer unisont:

-Nei, kjempekjekt. De gleder seg til hver øvelse og synes det er gøy å synge i koret.

Så spørsmålet vårt kunne ikke være mer malplassert. Skal vi

dømme etter innsatsen, lyden fra koret og latteren og smilene fra koristene, er det liten tvil om at de trives med gospel. De viser at dette er noe de liker å holde på med. Og de synger av full hals når dirigentene Ragnhild Hanssen eller Ingunn Barvik gir tegn.



Oda Haugen Solbakk, til venstre, Lotte Sørli og Elise Friestad har det kjempekjekt på koret

Kristent budskap

-Hvorfor har dere et gospelkor for barn på forsamlingshuset?

-Å synge er i seg selv kjekt. Å møtes for å synge sammen med andre er enda kjekkere, sier Ragnhild Hanssen som her ser en mulighet til å presentere et kristent budskap for ungene.

-Jeg får positiv energi og mye tilbake gjennom korarbeidet. Vi er også litt strenge og har en litt oppdragende funksjon samtidig som vi skal stimulere de unge til å synge, sier hun. For det er ikke alltid like lett å få oppmerksomhet fra en vilter gjeng og få dem til å fungere sammen. Men med litt kløkt og tålmodighet går det som regel bra.

Nesten dobling

Nye barn har strømmet til korøvelsene de siste ukene. Noen litt beskjedne og ikke helt vant til å opptre. Andre mer scenevante.

-I fjor høst var vi 14 medlemmer. Nå har vi passert 25, sier Ragnhild Hanssen.

-Hvilke sanger fremfører koret?

-Vi synger både nyere sanger som Tøff nok, som Lisa Børud synger og Tusen tanker, av Bjarte Leithaug, bruker materiale fra barneevangelisten Jarle Waldemar, men fremfører også mer tradisjonelle barnegospelsanger, sier hun.

På øvelsen Helgedagen var med på, hørte vi også sanger som Alle, alle vil vi ha med og Om du er litt spesiell, så er du bra allikevel.



Lye Barnegospel har øvelse mandager på forsamlingshuset

Fra året de fyller fire år

Vi bruker ferdiginnspilt musikk, såkalt sing-back, men også litt piano som akkompagnement, sier Ragnhild Hanssen.

I Lye Barnegospel er det slik at alle kan begynne det året de fyller 5 år, og de kan være med til og med tredje klasse. De yngste er derfor 4 år gamle, de eldste har fylt 9 år, sier hun. Og øvelsene er hver mandag fra klokken 17.05 til ti på seks. I dag er det bare 2 gutter med i koret. Vi har plass til flere, både gutter og jenter, sier hun. De viser at dette er noe de liker å holde på med.

Se også www.lyeforsamlingshus.no.

Tekst og foto: DHF



Ida Liam Hisken er barnegospelsanger



Malene Hauge er en av de yngste i koret

Mot lysare tider for Bryne kyrkje



” Kyrkjerommet har nå fått kvitt tak og kvite vegger. Utan tvil gir det kyrkja eit nokså endra uttrykk i høve til tidlegare.

Tittelen er ikkje min. Den har eg lånt frå Jærbladet, som for nokre dagar sidan hadde ein artikkel om arbeidet som for tida går føre seg i Bryne kyrkje.

Men tittelen er beskrivande i den tyding at kyrkjerommet nå har fått kvitt tak og kvite vegger. Utan tvil gir det kyrkja eit nokså endra uttrykk i høve til tidlegare. Det har også vore eit av poenga med denne delen av rehabiliteringsarbeidet. Både sokneråd, kyrkjelyd og stab ser i desse dagar med spaning fram til å ta det «nye» kyrkjerommet i bruk. Det vil nok framleis vera ulike meiningar om endringane som vert gjorde. Vi håper likevel at alle vil kjenna at Bryne kyrkje framleis er Guds hus og ein stad for møte med Han og med kvarandre i undring, bøn, fellesskap og glede.

Etter over 30 år som kyrkje for Bryne var det naudsynt å gi bygget på Brynehaugen ei omfattande overhaling. Det byrja så smått med ein idédugnad om korleis ein kunne få løyst det vanskelege motlysproblemet gjennom fondveggen i kyrkja. Løysinga på dette vart det fantastiske glasmaleriet av Per Odd Aarrestad, som vart finansiert av innsamla midlar. I tillegg vart dei gamle lyskassane som før gjekk på tvers av kyrkjerommet fjerna, og kyrkja fekk projektoranlegg for visuell formidling av tekst og bilete.

Drøftingar med medlemsmøte, sokneråd og fellesråd og ein tilstandsanalyse for kyrkjebygget kartla så kva tiltak som deretter burde setjast inn, og korleis desse skulle prioriterast. Ein svært positiv dialog med Time kommune førde til at ein alt denne våren kunne setja i verk fylgjande viktige tiltak:

- Lysning av tak og vegger
- Montering av ny lysarmatur
- Nye høgtalarar
- Montering av varmpumper

- Rullestolrampe mellom kyrkjedal og kor for universell utforming
- Nye fliser i koret
- Reparasjon av ventilasjonsanlegget
- Nytt brannvarslingsanlegg
- Kors på kyrkjetårnet (innsamla midlar)

Som ved dei fleste store prosjekt er tida knapp, og det er mykje som skal på plass, men me håper at kyrkja kan opnast igjen til palmesundag. Sikkert er det i alle fall at alt skal vera på plass til den store festhelga i april, då «nye Bryne kyrkje» skal markerast og feirast. Så trur me at kyrkja i mange nye år vil vera til glede og velsigning for folk på Bryne, i heile Time og kanskje endå vidare.

Olav Vegard Søyland

Kors på Bryne kyrkje



I mars vert korset montert på tårnet i Bryne kyrkje. Når du les dette, er det kanskje allereie montert. Vi er ikkje i mål med finansieringa, men vi satsar i tru for at dette skal ordna seg. Totalkostnaden vert ca. kr 70.000.

Vi håper de som ikkje alt har støtta kor-sprosjektet kan gje eit beløp til **konto 3325.37.41061**.

Mange takk og takk til dykk som alt har gitt.

I det nye lyset

Bryne kyrkje inviterer til opningsfest i det nyoppussa kyrkjeromet

Laurdag 13. april kl 18.00

Gratis inngang, med høve til å gje ei gåve for kvelden og glaskunstprosjektet.



«Tidløs» er ei sørlandsgruppe som har spesialisert seg på kjende, norske/nordiske folkemusikksalmer. Gruppa består av Martin Wikstøl (vokal), Tommy Ingebretsen (gitar), Stian Omdal (gitar/dobro) og Bjørn-Thore Aastveit (div småle instr). Musikkuttrykket er gitarbasert og passar til alle generasjonar.

